

Gravferd

Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja

Vanlege ordningar

1. Når ein person er død, sørgjer dei som stod vedkomande nær, vanlegvis familien, for at den døde vert teken hand om på verdig vis og får ei verdig gravferd. Grunnleggjande vedtekter om gravferd er gjeve i gravferdslova.
Kven som som har rett til, og dermed også det rettslege ansvaret for, å syta for gravferda, er regulert i gravferdslova § 9.
Når ein person som er medlem av kyrkjelyden, døyrt, bør ein oppretta kontakt mellom forstandaren i kyrkjelyden og dei pårørande så snart som råd etter dødsfallet. Gravferda skal vera seinast 8 dagar etter dødsfallet, jf. gravferdslova § 10 tredje ledd og § 12.
2. Gravferd etter ordning for kyrkja er ei kyrkjeleg handling av gudstestleg karakter. I den liturgiske utforminga av handlinga uttrykkjer kyrkja det grunnleggjande i kristentrua: at mennesket er Guds skapning, at Gud gjennom Jesu Kristi død og oppstode og trua på han har lagt grunnlaget for mennesket si frelse, at det på domedag skal stå til ansvar for livet sitt, og at det skal atterreisast i oppstoda av lekamen.
3. Gjennom val av skriftlesingar, bønner og salmar og det som elles vert sagt og gjort, skal alle som har ansvar for eller deltek i gravferdshandlinga, gjera sitt til at den bibelske budskapet kjem til uttrykk fullt ut.

Kvar einskild del ved handlinga, som utsmykking, symbol og kranspålegging må bli tilpassa den gudstenestlege karakteren. Ein bør prøva å vera nøktern i bruk av blomar, kransar og liknande.

Tale ved eventuell kranspålegging må ikkje finna stad utan at den som sørger for gravferda, har gjeve samtykke til det.

Ein bør leggja til rette for medverknad frå dei pårørande.

4. Salmar: Lovsongar til Gud som skapar, Kristus som frelsar og Den heilage ande som rettleiar, bøneprosop, lovprisingsvers, forkynnande songar og åndelege viser. Desse vert fyrst og fremst framført av kyrkjelyden i fellesskap, men kan òg bli sunge av kor/korgrupper, solistar o.a. Salmen skal understreka den bibelske karakteren i den kyrkjelege handlinga og hjelpe dei frammøtte til å tru Guds ord og vilje.

5. Salmar, songar, og musikkstoff som skal brukast, skal godkjennast på førehand av den som skal forretta. Det same gjeld æresvisinger og andre tiltak det kjem ønskje om i tillegg til gravferdsordninga. For å finna fram til song og musikk og andre innslag som eignar seg best, bør kontakten med dei pårørande bli oppretta så snart som råd.

6. For å sikre ei verdig gjennomføring av handlinga er det viktig at det blir avsett nok tid.

Den som forrettar skal også sjå til at alle som medverkar i samband med gravferda, opptre slik at handlinga kan gjennomførast på ein god og verdig måte, i samsvar med kyrkja sine ordningar.

7. Etter forholda og skikken på staden medverkar liturgen anten i kyrkje/kapell og ved grava, eller i heimen og ved grava, eller berre ved grava.

Gravferdshandlinga kan finna stad i kyrkja også når det skal vera kremasjon.

Om spreiding av oske seier gravferdslova: Ved slik gravferd kan det ikkje bli kravd kyrkjeleg medverknad (gravferdslova § 20 siste punktum og § 9 siste ledd).

Når liturgen berre er med i heimen og ved grava eller berre ved grava, brukar ein ordninga *Gravferd frå kyrkje eller krematorium* så langt det er naturleg. Det same gjeld ved gravferd der det ikkje er ei forsamling til stades. Kyrkjeleg medverknad kan ikkje avgrensast til jordpåkasting aleine.

Ordninga *Gravferd frå kyrkje eller krematorium* kan med nødvendige tillempingar nyttast ved minneandakt i kyrkje eller kapell når kista ikkje står der under handlinga.

8. Ved spedbarngravferd gjeld same ordningar som ved barnegravferd. Tilsvarende gjeld når foreldre ønskjer gravferd for barn som er døde før fødselen. I desse tilfella vil det vera mogleg å gjera dei endringane i liturgileda som passar til situasjonen, men slik at Herrens bøn alltid er med.

I kontakt med foreldre til døde spedborn eller born som er døde før fødselen, kan det vera viktig å gje foreldra hjelp til å gje det døde barnet namn.

Når foreldre som ønskte barnet sitt døypt, mistar barnet før dåp, minner forstandaren dei om trøysteord som “Slik vil heller ikkje Far dykkar i himmelen at ein einaste av desse små skal gå tapt” (Matt 18,14) e.l.

9. Jordpåkastinga finn stad ved grava. Liturgen kan reint unntaksvis når ytre forhold eller vektige personlege grunnar krev det, avgjera at det skal skje inne i kyrkja/kapellet.

Ved kremasjon finn jordpåkastinga stad ved slutten av handlinga. Som hovudregel skal kista senkast før jordpåkastinga.

Kista skal som hovudregel senkast heilt ned.

Dersom det er tvil om jordpåkastinga har funne stad, for eksempel ved kremasjon i utlandet, kan jordpåkasting bli gjort i samband med nedsetjing av urna.

10. Gravferd blir normalt forretta av kyrkjelyden sin forstandar eller eldste.

Er ein av desse forhindra frå å forretta ved gravferda, kan ein annan kristen forretta etter godkjenning frå eldsterådet.

11. Det kan klemtast med den største klokka i ca. 5 minutt før samanringinga, som skjer med same klokke.

Det kan klemtast medan følgjet går til grava og medan kista senkast, og ved slutten kan ein slå 3 gonger 3 slag.

Det kan ringjast medan følgjet går frå grava.

ORDNING FOR

Gravferd

frå kyrkje eller krematorium

Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja

1 Klokkeringing

Medan ein ringjer saman, tek liturgen plass i koret.

2 Preludium

Som preludium kan ein framføra eigna instrumentalmusikk, korsong eller solosong. Preludiet kan vera forspel til første salmen.

3 Salme

Denne salmen kan eventuelt flyttast til etter ledd 4.

4 Inngangsort

Her kan ein seia:

L Kjære sørgjande.

L Nåde vere med dykk og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus.

Ein passende bibeltekst er for eksempel:

L Jesus seier: Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile. *Matt 11,28*

Vi er samla her for å ta avskil med (namn) [og følgje *han/henne* til siste kvilestaden].*

* Teksten i klammer kan utelatast.

5 Inngangsbøn

L Lat oss be.

Anten **A**

Frå djupet ropar eg til deg, Herre.

Herre, høyr mi røyst!

Vend øyret til mitt rop om nåde.

Dersom du, Herre, vil gøyma på synder,

Herre, kven kan då bli ståande?

Men hos deg er tilgjeving,

så vi skal frykta deg.

Salme 130,1-4

Eller **B**

Herre, du har vore ein bustad for oss

i slekt etter slekt.

Før fjella vart fødde,

før jorda og verda vart til,

frå æve til æve er du, Gud.

Du lèt mennesket bli til støv att

og seier: «Menneskeborn, vend attende!»

For tusen år er i dine auge

som dagen i går då han fór framom,

eller som ei nattevakt.

Lær oss å telja våre dagar
så vi kan få visdom i hjartet!

Salme 90,1-4.12

Eller **C**

Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?
Kvifor er du så langt borte
når eg treng hjelp og skrik ut mi naud?
Min Gud, eg ropar om dagen, men du svarar ikkje,
eg ropar om natta og finn ikkje ro.
Men du, Herre, ver ikkje langt borte,
min styrke, skund deg og hjelp meg!

Salme 22,2-3.20

Eller **D**

Heilage Gud, himmelske Far, du rår over liv og død. Når vi skilst frå ein av våre kjære, styrk oss då i trua, så vi også ved grava kan vona på deg.

Herre Jesus Kristus, du trufaste Frelsar, som gjekk gjennom død og grav for oss: Bli hos oss i vår siste naud og gjev oss eingong å samlast i huset åt Far din med deg og alle dine.

Heilage ande, du vår trøystar i liv og død, fyll alle sørgjande med di trøyst. Fri oss frå åndeleg død, dra alle til deg og gjev oss å ha skatten vår i himmelen.

Eller **E**

Herre vår Gud, hos deg er livsens kjelde.

I ditt lys ser vi lys.

I deg er det vi lever, rører oss og er til.

Vara oss i liv og død i din kjærleik,
ved Son din Jesus Kristus, vår Herre.

Eller *F*

Gode Gud, du som ser oss og kjenner oss, kom oss nær med di trøyst.

6 Minneord

Eit kort minneord vert halde av den som forrettar eller av ein representant for dei pårørande. Det bør innehalde nokon biografiske moment med særleg vekt på kva livet til den avdøydde har betydd for dei som stod *hennel/han* nær, og for andre livssamanhengar *hol/han* har stått i. Her kan følgja korte helsingar, blommar og/eller krans blir lagt på og eventuelt andre minnehandlingar, som opplesing, musikk, lystenning o. a.

Her kan følgja

7 Salme eller musikkinnslag

Eventuelt musikkinnslag kan vera vokalt eller instrumentalt.

8 Skriftlesing

L Lat oss høyra kva Guds Ord vitnar om livet og døden, om domen og vona i Jesus Kristus.

Her følgjer tre lesingar, tre av følgjande tekstar. Tekstane vel ein slik at dei dekkjer dei innhaldsmomenta som er nemnde før.

Salme 50,15

Salme 23

Salme 68,21

Salme 121

Matt 11,28

Matt 28,1-10

Op 1,17b-18

Op 21,1-5a

Kyrkjelyden sit under lesinga.

Tekstane kan lesast av liturgen eller av ein eller fleire andre.

Skriftlesinga vert avslutta med:

L Slik lyder Herrens ord.

Her følgjer eventuelt

9 Salme

Dersom ledd 7 er ein salme, kan ledd 9 gå ut.

10 Tale

Kort tale over eitt av dei opplesne skriftorda eller over ein annan eigna tekst.

11 Bøn

L Lat oss be.

Anten **A**

L Evige Gud, vår tilflukt i sorga, ver nær med din fred. Styrk oss i trua. Gjev oss framtid og von. Vi takkar deg for (namn) og det du gav oss gjennom livet *hennar/hans*. Miskunnsame Gud, du som har skapt oss i ditt bilete og gjeve oss Jesus Kristus som vår Frelsar, reis oss opp på den siste dagen til evig liv hos deg.

Eller **B**

L Jesus Kristus, du som lova å vera med oss alle dagar så lenge verda står, ver du vår styrke og trøyst, vårt lys og vår vegvisar. Lat oss alle ein gong ved trua på deg få del i oppstoda si glede.

Eller **C**

L Evige Gud, himmelske Far, du har i Son din, Jesus Kristus, gjeve oss siger over døden. Vi bed deg, lei oss ved din Heilage ande, så vi

aldri kjem bort frå deg, men lever livet i trua på Son din og eingong når fram til det evige livet i ditt rike, ved Jesus Kristus, vår Herre.

Eller **D**

L Herre Jesus Kristus, du som bar alle våre synder, vi takkar deg for kjærleiken din som er sterkare enn døden. Gje oss del i frelsa du vann ved din død og di oppstode, og før oss med di mektige hand gjennom liv, død og dom inn til di evige glede.

Eller **E**

L Himmelske Far, vi takkar deg for det du gav gjennom (namn) som no er gått bort. Styrk og trøyst alle som sit i sorg og sakn. Vi overgjev oss i di sterke hand. Hjelp oss å leva i samfunn med deg, så vi eingong kan fara herfrå i fred, ved Jesus Kristus, din Son, vår Herre.

Eller **F**

Ei bøn som er skriven med tanke på den situasjonen dei pårørande og lokalsamfunnet har opplevd i samband med dødsfallet.

12 Herrens bøn

L Lat oss saman be Herrens bøn.

A Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt,
og makta og æra i all æve.
Amen.

eller

A Fader vår, du som er i himmelen.
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød.
Og forlat oss vår skuld,
som me òg forlet våre skuldmenn.
Og før oss ikkje ut i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt,
og makta og æra i all æva .
Amen.

13 Salme

14 Postludium

Før postludiet kan ein framføra eit musikkinnslag, vokalt eller instrumentalt.

Under postludiet vert kista boren ut.

Jordpåkasting

A Ved grava

Før ledd 15 **Salme** blir kista plassert på senkeapparatet eller på plankar e.l. over grava og blir ståande der inntil ledd 18 **Senking** finn stad.

Der det er vanleg, kan kista senkast heilt ned i grava med ein gong før salmen (ledd 15) vert sunge.

15 Salme

Her kan følgja

16 Skriftlesing

Ein av følgjande tekstar, som ikkje er brukt tidlegare i gravferda:

Salme 50,15

Salme 23

Salme 68,21

Salme 121

Matt 11,28

Matt 28,1-10

Op 1,17b-18

Op 21,1-5a

Her kan følgja

17 Bøn ved gravstaden

I denne bøna kan liturgen utfylla (namn) etter situasjonen – for eksempel fullt namn, fornamn, vår kjære, vår venn osv.

Anten A

Herre Jesus Kristus, lat denne grava vera ein stad for håp, i trua på deg som stod opp frå dei døde.

Eller **B**

Herre Jesus Kristus, du som sjølv vart lagt i ei grav, gje oss å følgja deg i oppstoda frå dei døde.

18 Senking

Som hovudregel vert kista senka heilt ned.

19 Jordpåkasting

L I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

Deretter kastar liturgen tre gonger jord på kista og seier:

Første gong: Av jord er du (*hol/han*) komen.

Andre gong: Til jord skal du (*hol/han*) verta.

Tredje gong: Av jorda skal du (*hol/han*) atter stå opp.

* Dersom ein ikkje ønskjer jordpåkasting, seier ein desse orda:

Så gjev vi denne lekamen over til jorda, som han er teken av, i den sæle, visse vona at han som vekte Kristus opp frå dei døde, òg vil gjera denne døde lekamen levande ved sin Ande. For dette forgiengelege må bli kledd i uforgjengelegdom, og dette døyelege må bli kledd i udøyelegdom.

20 Skriftord og velsigning

Anten **A**

L Vår Herre Jesus Kristus seier: Eg er oppstoda og livet.

Den som trur på meg, skal leva om han så døyr.

Og kvar den som lever og trur på meg,

skal i all æve ikkje døy.

Joh 11,25-26

Eller **B**

L Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde! *1 Pet 1,3*

Vend til dei sørgjande:

L Tak imot velsigninga.

Herren velsigne deg og vare deg.

Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt andlet mot deg og gje deg fred. †

21 Salme

B I krematorium

Gravferdshandlinga over (ledda 1–12) vert avslutta med Jordpåkasting (ledda 18-22).

Reint unntaksvis kan denne ordninga bli bruka også i kyrkje/kapell, sjå Vanlege ordningar punkt 8, side 3.

19 Senking

20 Jordpåkasting

L I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

Deretter kastar liturgen tre gonger jord på kista og seier:

Første gong: Av jord er du (*hol/han*) komen.
Andre gong: Til jord skal du (*hol/han*) verta.
Tredje gong: Av jorda skal du (*hol/han*) atter stå opp.

21 Skriftord og velsigning

Anten *A*

L Vår Herre Jesus Kristus seier: Eg er oppstoda og livet.
Den som trur på meg, skal leva om han så døyr.

Og kvar den som lever og trur på meg,
skal i all æve ikkje døyr.

Joh 11,25-26

Eller *B*

L Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn
har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei
døde!

1 Pet 1,3

Vend til dei sørgjande:

L Tak imot velsigninga.

Herren velsigne deg og vare deg.

Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt andlet mot deg og gje deg fred. †

22 Salme

23 Postludium

I rom der senking ikkje er praktisk mogleg, bør kista bli ført bort
under postludiet.